



CD

Fred Jonny Berg

«Flute Mystery»

Med Philharmonia Orchestra,

Vladimir Ashkenazy (dirigent)

2L

## Klisjé og stemningar

**Fred Jonny Berg** (f. 1973) er oppteken av «spenningsfeltene mellom melos og form, mellom lys og mørke, burlesk humor og dyp melankoli» skriv Wolfgang Plagge i coveret til den nye plata. I første omgang eit underleg utsegn, sidan spaningsfelt nok er det siste eg tenkjer på i møtet med Bergs musikk.

**Snarare opplever eg** musikken innan ei impresjonistisk ramme; med eit mystisk og flytande uttrykk. Musikk som kan teiknar stemningar, av landskap og lys – og dette stemningsretta inntrykket finn stønad i teksten, der det å vera eitt truverdig augevitne er framheva som karakteriserande for komponisten.

**Spaningsfelta det er** snakk om, er altså andre enn dei som uroar og skapar motstand. Snarare lyttar me til forsiktige kontrastar, vare utleggjingar, og ikkje minst det drøymande «franske» i verka for fløyte. Dei siste sender tanken min til fløytisten James Galway: Det irske ikonet som både er ynda og mislikt for sine svulstige utgjevingar, og for gullfløyta med fyldig tone. Faktisk er det som deler av Berg sin musikk – dømevis i fløytekonserterens andre sats – er henta rett ut av eit slikt univers: Den let som Debussy sitt «Clair de lune» arrangert for fløyte, lyse strykarar og harpe.

**Kombinasjonar som denne** er og blir ein klisjé, og på plata får me nettopp stadfesta det faktum at klisjeen ofte er vakker. Og at det hender ein veks i frå den. I alle fall er det ikkje til å komma vekk frå at det evige badet i smektande klang for meg i lengda vert lite tilfredsstillande.

**Likevel: Samanlikninga** er ikkje negativt tenkt. Den berettar om ein personlegdom som mange misunnar; som har evna til å nå gjennom – til mange – og som kan få med seg dei framste artistar på lag. Berre det imponerer – og gjev grunn til å via den her til lands ukjende tonesetjaren merksemd.

nyeintrykk@dagsavisen.no

IDA  
HABBESTAD

